

<< Forts. fra side 11

se (OIC) på å innføre universelle antiblasfemilover – ei fornærming som er straffa med døden i mange land – og med dette kvele open diskusjon om religiøse synspunkt. Dette er ei problematisk utvikling, særleg sidan land verda over i aukande grad nyttar antiblasfemilover til å straffe religiøse minoritetar for å stille spørsmål ved synspunkta til fleirtalsreligionen. Slike lover er ikkje lenger avgrensa til islamske land, det vert også teke til orde for slike i demokratiske samfunn. Individ som kom til Vesten for å unngå forfølgning, er igjen i fare» (Tina Ramirez, assistent for senator Trent Franks i USA).

Fornærme det tyrkiske

Tyrkias skamfulle lov 301 forbyd å «fornærme det tyrkiske». Den tyrkiske nobelprisvinnaren Orhan Pamuk har vorte skulda for å gjere dette, tilliks med muslimske konvertittar. Dei sistnemnde er skulda for å fornærme «det tyrkiske» ved å forlate islam.

Kvart år er det i USA debatt og ein del juridisk oppstyr rundt uttrykket «Merry Christmas» (gledeleg kristmesse, altså god jul, red. mrk.) og offentlege juletre. Skal dei reknast som støyande for ikkje-kristne?

Nødvendige avgrensingar

Sjølv om vi bør føre eit sterkt forsvar for ytringsfridomen, må vi også erkjenne behovet for avgrensingar. Absolutt fri-dom er anarki, og absolutt ytringsfridom er heller ikkje ynskjeleg. Fridomar og rettar må verte definerte og må operere innanfor eit bestemt rammeverk som er relatert til både etiske og juridiske system. Det finst nokre felles juridiske avgrensingar for ytringsfridomen. Du kan verken ta til orde for vald eller avsløre stats- eller militærløyndomar og hevde at du utøver ytringsfridom. Det finst også nokre avgrensingar i høve til sverting og spreiding av falske rykte.

Urovekkande trendar

Retten og fridomen til å uttrykke synet og meningane ein har i skrift, tale og kunst betyr uunngeleg at andre kan vere usamde eller til og med verte støytte. Men dette er ytringsfridomen sin natur. Ein kan ikkje garantere at ingen vil ble støytte av ein politisk, religiøs eller annan bodskap. Ein kan seie at Muhammed er den siste profeten, ein annan kan vere usamd. Nokre vil hevde at Jesus er Gud, og andre kan oppfatte det som dumt eller til og med støyande. Nokre kan argumentere for homofile ekteskap, andre for avgrensa rett til abort. Men retten til å meine alt dette er fundamentalt for eit fungerande demokrati, som er basert på individets rett til å uttrykke og frambringe forskjellige og motstridande meiningar.

«Høyrefridom»

Ytringsfridom legg veka på talaren og det som er sagt, ret-



FRIKJEND: Rettssaka mot pastor Åke Green i Sverige illustrerer korleis talefridom og religionsfridom kryssar kvarandre. Han hevda i ein tale at homoseksuelle handlingar ifylgje Bibelen er synd. Han vart dømd til fengsel i ein månad, men vart seinare frikjend av Høgsterett.

FOTO: SCANPIX-ARKIV

ten til å seie i prinsippet alt, til og med ting som ikkje er sanne (til dømes at jorda er flat).

Ein urovekkande trend er endringa i retning av å vere mest oppteken av tilhøyraren og kva som vert høyrte. Det avgjerande er korleis noko vert oppfatta, inkludert mulegheita for at ei gruppe kjenner seg såra eller støytte over det som har vorte uttrykt. Dette er ei endring frå det objektive (det som vert uttrykt) til det subjektive (korleis det vert motteke, oppfatta). Dette er står i motsetnad til fundamentale rettsprinsipp.

Ein kan sjå denne tendensen både i media og i lovgjevinga i mange deler av verda, ofte i høve til muslimar og homoseksuelle.

Aktoren i rettssaka mot pastor Åke Green slo utan prov fast at «homoseksuelle kan ha blitt støytte» av talen dersom dei hadde høyrte han. Der var inga tilskunding til vald i talen, og ikkje noko vitne vart nokon gong i løpet av rettssaka teke inn for å fortelje om skade som resultat av Greens tale. Vekta vart lagd på potensielle tilhøyrarar og korleis dei subjektivt kanskje kunne ha oppfatta talen, og om han dermed skulle bli vurdert som støyande.

Støyande

Greens frikjenning i svensk høgsteretten refererte til Den europeiske menneskerettskonvensjonen (ECHR) der det vert sagt at individ har rett til å uttrykke synspunkt som kan bli oppfatta som støyande av andre - individ, grupper eller til og med staten. Ifylgje svensk lov var pastor Green skuldig. Men ECHR er inkorporert i svensk lov og danna presedens.

Denne og andre saker og offentlege debattar illustrerer ei endring frå ytringsfridom til «høyrefridom», frå talaren til



KRITIKKFRI SONE: Pakistan stod bak ein resolusjonen som gikk gjennom i FNs menneskerettskommisjon i mars 2007 i Geneve og relaterte seg til Muhammed-karikaturane. Resolusjonen snakkar om bakvasking og ærekrenking, men dette er ganske ulikt sverting og rykte i eit retts-samfunn. Det er fleire store bristar i resolusjonen. Ein er at han gjennomgåande berre refererer til islam. Ein annan er at han gjer ytringsfridomen innhaldsbasert. Ein tredje er eit fundamentalt skifte frå individuell fridom og rettar, til vern av ei gruppe og deira «rett» til å ikkje verte støytte. Ein fjerde er at han tek for gitt at sanning om religiøse saker kan og bør

tilhøyraren, frå kva som vert sagt til kva som vert oppfatta, frå å oppmuntre til vald til «eg vart støytt», frå objektive til subjektive kriterier og lover.

Føreutseieleg straff

Eit anna problem med denne utviklinga er at ein ikkje lenger kjenner konsekvensane av egne handlingar, som er eit anna viktig rettsprinsipp. Lover, og konsekvensane når ein bryt dei, bør vere føreutseielege. Eit eksempel: For å køyre 60 km/t på ein veg der fartsgrensa er 50 finst det objektive retningslinjer: Ein får ei bot. Lova kan bli forstått, og einkvar innbyggjar kan handle i samsvar med dette. Men korleis kan eg vite når nokon kan verte støytte av noko eg seier?

I eksempelet med dei danske karikaturteikningane utøvde avisa Jyllandsposten ytrings- og pressefridom og trykte teikningane av Muhammed.

Responen var opprør, draps-trugsmål, drap, boikottar og

vald med implisitte og eksplisitte krav om «fridom frå å sjå og høyre». Jyllandsposten opererte innanfor eit juridisk og demokratisk rammeverk – det er udiskutabelt. Om publiseringa var klok eller passende, er ei anna sak, og skulle ikkje bli blanda saman med dei juridiske rettane til avisa.

Forslag med bristar

Organisasjonen for Islamsk Konferanse, som er samansett av 57 muslimske land, føreslo ein resolusjon som passerte

FNs menneskerettskommisjon i mars 2007 i Geneve og relaterte seg til Muhammed-

karikaturane.

Resolusjonen snakkar om bakvasking og ærekrenking, men dette er ganske ulikt sverting og rykte i eit retts-samfunn. Det er fleire store bristar i resolusjonen. Ein er at han gjennomgåande berre refererer til islam.

Ein annan er at han gjer ytringsfridomen innhaldsbasert. Ein tredje er eit fundamentalt skifte frå individuell fridom og rettar, til vern av ei gruppe og deira «rett» til å ikkje verte støytte. Ein fjerde er at han tek for gitt at sanning om religiøse saker kan og bør

Ytringsfridom og religionsfridom inneber retten til å samanlikne religionar offentleg og tillet forskjellige religiøse overtydingar og uttrykk.

FOR OG ETTERNAVN